



HJELMELAND
KOMMUNE

Saksframlegg

«Beskrivelse»

«Paragraf»

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Nilsen, Haldis Karine	K1 - 141	17/1053

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
123/17	Formannskapet	PS	05.12.2017
003/18	Formannskapet	PS	10.01.2018
004/18	Kommunestyret	PS	30.01.2018

KOMMUNEPLAN FOR HJELMELAND 2018-2030 - 1.GONGSBEHANDLING - HØYRINGSUTKAST

Vedlegg:

Dok A Planskildring Utkast frå rådmann

Dok B RÅDMANNEN SI TILRÅDING Samfunnsdel

Dok C1 Kommuneplanens Arealdel _tekstdel_ nov17Rådmannen si tilråding

Dok C1 Kommuneplanens Arealdel _kart_ nov17 -KPL2011 m foreslåtte endringar_A0

D1-Innspel-KUogROS-Del1_Hjelm_Josenfj_Fister

D1-Innspel-KUogROS-Del2_resten av kommunen

D2 KU og ROS eldre område

Innspel - flyfoto_A3

Dok F. oversikt - innspel

Dok E. Heilskapleg ROS-analyse for Hjelmeland kommune, endeleg ve... (L)(379169)

Dok G. Rapport barnetråkk, Hjelmeland kommune 2017

Dok H Rapport, spørjeundersøking 16 - 26 år, 2017

DOK I. Utkast frivilligstrategi pr 13.11

Dok J. Kommunedelplan for RV13 Tysdal-Årdal

Dok K. Temaplan for kulturarvkulturminne

Dok L. Statusrapport_hjelmeland-sept17-small

Dok M. kartlegging av friluftsområde i Hjelmeland (DokID 279304)

Dok M. eksempel-kart A3 (DokID 279309)

Dok N. Folkehelsekartlegging 2015 (L)(291324)

Dok O. Utkast til ladestruktur Sør-Rogaland

Dok P. RAPPORT KLIMA OG ENERGIPLAN HJELMELAND (L)(104936)

Dok Q. Sammendrag undersøkelse Hjelmeland v1 (002) næring

Dok R. Befolkningsutvikling i Hjelmeland (003)

Saker til Kommunestyret 14.12.2017

Nov17 -KPL2011 m foreslåtte endringar_A0

KOMMUNEPLAN FOR HJELMELAND 2018-2030 - 1.GONGSBEHANDLING - HØYRINGSUTKAST - AFU

NOTAT VEDR INNSPEL FRÅ EIDESVIK LAKS - FRAMTIDIGE AKVAKULTUROMRÅDE KOMMUNEPLANEN

Innspill til kommuneplan - akvakulturområder i sjø

Eidesvik Laks 2



**HJELMELAND
KOMMUNE**

Forslag til vedtak:

Forslag til kommuneplan for Hjelmeland 2018-2030 (november 2017) vert lagt ut til høyring. Rådmannen får fullmakt til å gjera mindre redigeringsendringar i samband med utsending til høyring.

Hjelmeland, den 27.11.2017

Wictor Juul
Rådmann

Formannskapet - 123/17

FSK - behandling:

Behandling:

Utsettingsforslag til sak 123/17, foreslått av Hauge, Gaute, <tittel>
Hjelmeland formannskap utsett kommuneplan saka til ett eget formannskapsmøte 10.januar.

Røysting:

Samrøystes i samsvar med forslag om utsetting frå Hauge/AP.

FSK - vedtak:

Hjelmeland formannskap utsett kommuneplansaka til eit eige formannskapsmøte 10. januar 2018.

Formannskapet - 003/18

FSK - behandling:

Behandling:

5.2.7 Næringsverksemd, foreslått av Skår, Njål, <tittel>
Innspele nr 40 Årdalstunet må inn i Arealdel.

Sentrum i Årdal må ha plass til å vokse. Areal som er innspelt frå grunneigar tas med i planen. Krav om at matjordane vert flytta, slik at fulldyrka areal vert oppretthalde.

5.2.7 Svadberg Årdal-Næringsverksemd, foreslått av Skår, Njål, <tittel>

I tillegg til rådmannen sitt forslag må innspel nr 64,53 og 43 sjåast i ein sammenheng. Ein må i tillegg til



HJELMELAND KOMMUNE

innspele om masseuttak, utviding av næringsareal ta høgd for Årdalstunnelen og areal til lagring av tunnelmasse. Her må det lagast ein heilskapleg plan som gir rom for masseuttak for så å allokere areal til landbruk, næring, ny veitrasé hensyntatt fornminner

5.2.6 Råstoffutvinning, foreslått av Skår, Njål, <tittel>

Innspel nr 54 Sedberg og innspel nr 18 Lund må tas inn i plan.

Masseuttak for Lund og Sedberg må sjåast i ein samheng. Området vil etter endt uttak fremstå som et jordbruksområde med meir areal enn i dag, samt drivemessig gunstig.

5.2.6 Råstoffutvinning, foreslått av Skår, Njål, <tittel>

Innspel nr 48 Jøsenfjorden

Området må tas med i plan som masseuttak.

Samfunnsdelen 03.1 Ryfast med mer / samferdsel side 3, foreslått av Apeland, Kjell, <tittel>

Kryssing av Jøsenfjorden (Jøsenfast) tas inn i planen som et viktig fremtidig samferdselsprosjekt

Samfunnsdelen 03.2 Økonomi side 4, foreslått av Apeland, Kjell, <tittel>

Følgende setning tas ut av planen «Netto gjeld.....2021»

Samfunnsdelen 05.3.4 Det grønne skifte side 16, foreslått av Apeland, Kjell, <tittel>

Følgende setning justeres fra «Flere mindre bustader» til «flere mindre buenheter»

Arealdelen 5.2.1 Bustader, foreslått av Apeland, Kjell, <tittel>

Innspill nr 4 Bøen - Årdal tas inn som framtidig bustadfelt med krav om plan med avgrensing som vist i innspel. Følgjande krav utgår: tett utnyttingsgrad, rekkefølgekravet ved å etablere kjørevei mellom Kyrkjevegen og Meleveien, samt krav om felles plan med eksisterande bustader. Sistnemnde vert endra til eksisterande bustadfelt utan plankrav.

Arealplanen 5.2.1 Bustader, foreslått av Apeland, Kjell, <tittel>

Innspill nr 3 side 19 av 78 tas inn i planen i samvar med innspill fra forslagsstiller.

Arealplanen 5.2.1 Boliger, foreslått av Apeland, Kjell, <tittel>

Innspill nr 44 Melslia side 32 av 78 legges inn i planen i samsvar med innspill fra forslagsstiller



**HJELMELAND
KOMMUNE**

Arealdelen 5.2.1 Boliger, foreslått av Apeland, Kjell, <tittel>

Innspill Nr 61 Kleppa side 5 av 55 . Legges inn i planen i samsvar med innspill fra forslagsstiller

Arealdelen 5.5 LNF side 30, foreslått av Apeland, Kjell, <tittel>

§ 25 Eksisterende fritidsbustader i LNF kan utvides til 130 m2 + terrasse 20m2 og Max mønehøyde 6 meter.

Arealdelen 5.5 LNF side 30, foreslått av Apeland, Kjell, <tittel>

Retningslinjer

Følgende tekst tas ut av planen»På landbrukseiendomto bustader»

Arealdelen 5.2 Bebyggelse og anlegg side 4, foreslått av Apeland, Kjell, <tittel>

Følgende ord byttes ut i teksten:

.... nye bygg må..... erstattes mednye bygg bør...

.....det skal nyttet... erstattes med ... det bør nyttet...

..... naturareal skal ... erstattes med ... naturareal bør.....

Innspill NR 63 Bjødnabu - Måmyra side 15 av 55, foreslått av Apeland, Kjell, <tittel>

Det legges til rette for å etablere en eigna turveg/skiløype mellom Bjødnabu - Måmyra. Dette må en også se i et folkehelseperspektiv samt som en unik mulighet til gjøre vår flott natur tilgjengelig for flere.

Arealdelen- Innspill nr. 16, foreslått av Laugaland, Lill Synnøve, <tittel>

Forslagsstiller sitt ønske om endring vert å ta til følge.

Arealdelen Kap. 5.2.6 Råstoffutvinning, foreslått av Laugaland, Lill Synnøve, <tittel>

Innspill nr. 49 tas ut.

Arealdelen Kap. 5.5, foreslått av Laugaland, Lill Synnøve, <tittel>

§ 22 Nytt punkt. - Nye bygg må tilpasses omgivnadene.

Samfunnsdelen 03.1 Nytt strekpt., foreslått av Laugaland, Bjørn, <tittel>

Kommunen skal vera pådrivar for ferjefri fjordkryssing av Jøsenfjorden.

Arealdelen Kap 5.5, foreslått av Laugaland, Lill Synnøve, <tittel>

§ 26 - Nytt pkt. - Uthusd kan tillates inntil 10 m2



**HJELMELAND
KOMMUNE**

Samfunnsdelen 05.1.1, Nytt strekpt.: foreslått av Laugaland, Bjørn, <tittel>
Kommunen skal ha fokus på universell utforming i eksisterende kommunale bygg.

Samfunnsdelen 05.1.2, Frivillig arbeid: To nye strekpt.: foreslått av Laugaland, Bjørn, <tittel>
-Kommunen skal vera positiv til aktivt samarbeid med andre kommunar
-Kommunen skal leggja til rette for å inkludera hyttefolk og andre deltidsbuande i dette arbeidet.

Sak 03/18 - kommuneplan 2018-2030, foreslått av Jacobsen, Lin Veronica, <tittel>
Samfunnsdelen (dokument B)
Satsingsområde 2,
05.2.2 Næringsareal og auka samhandling med næringslivet
Nytt strekpunkt under slik gjer me det:
- Hjelmeland kommune skal vera pådrivar for at me skal ha aktiv bruk av næring/industriareal i kommunen.

Sak 03/18 - kommuneplan 2018-2030, foreslått av Jacobsen, Lin Veronica, <tittel>
Samfunnsdelen (dokument B)
Satsingsområde 2,
05.2.5
Nytt strekpunkt under slik gjer me det:
- Hjelmeland kommune vil i planperioden etablere ladepunkt i samband med kommunale bygg.

Samfunnsdelen 05.1.3, Lokal handel, Nytt strekpt.: foreslått av Laugaland, Bjørn, <tittel>
Kommunen skal arbeida for digitale løysingar for å informera og å gjera tilreisande / hyttefolk til ei langt større kundegruppe enn i dag.

Sak 03/18 - kommuneplan 2018 - 2030, Arealdelen (dok C1, s.4), foreslått av Jacobsen, Lin Veronica, <tittel>
Kommunens arealdelen, Føresegner og retningslinjer §10 - risikoforhold (dokument C1, s 4)
Flaum og stormflo:
Endrer andre avsnitt: Auke kotehøgd frå 2,3 m til 3,0 m

Sak 03/18 - kommuneplan 2018 - 2030, Arealdelen (dok C1, s21), foreslått av Jacobsen, Lin Veronica, <tittel>
Kap.5.2.8 (dokument C1, s 21)
Framtidig idrettsanlegg med retningslinje:
Aktivitetspark Viganeset – utgår. Ny retningslinje: område bør sees på som framtidig område for næring/industri.



**HJELMELAND
KOMMUNE**

Sak 03/18 - kommuneplan 2018 - 2033, Innspill 52, Arealdelen, foreslått av Jacobsen, Lin Veronica, <tittel>

Inspel 52 (Mele) blir delvis ivaretatt ved at vestre del av grusryggen/platået blir tatt inn fram til privat veg. Dette for å ivareta framtidig vegløyving for RV 13 og samanknytning med Årdalstunellen.

Samfunnsdelen 05.2 Næringsutvikling, ny setning:, foreslått av Laugaland, Bjørn, <tittel>
Kommunen skal arbeida for effektiv samferdsle der Rv 13 inkl ferjefri kryssing av Jøsenfjorden vert prioritert.

Sak 03/18 - kommuneplan 2018 - 2030, Innspill 60A, Arealdelen, foreslått av Jacobsen, Lin Veronica, <tittel>

Innspel 60A (Puntsnes, Hjelmeland) blir ivaretatt med følgende endringer: Utvikle Søre Puntsnes som framtidig område for bustad – og kombinert bustad/næring (ikkje detaljhandel) Begrepet lettindustri utgår.

Samfunnsdelen 05.2.1, Reiselivl, Nytt strekpt:, foreslått av Laugaland, Bjørn, <tittel>
Kommunen skal leggja til rette for fleire tur- og opplevings-løyper

Samfunnsdelen 05.2.2 Næringsareal. To nye strekpt:, foreslått av Laugaland, Bjørn, <tittel>
-Ved bruk av dyrka mark til næring/industriareal bør jorda gjenbrukast.
-Driftsbygningar i landbruket/LNFområde som er tekne ut or vanleg landbruksdrift kan nyttast til anna næring.

Samfunnsdelen 05.2.3 Elnett: Tillegg til setning i 2. strekpunkt::, foreslått av Laugaland, Bjørn, <tittel>
-inkl ny 132 KV linje frå Lysebotn og/eller Helmikstøl til Hjelmeland

Samfunnsdelen 05.3.1, Bustadpolitikk, Nytt strekpt:, foreslått av Laugaland, Bjørn, <tittel>
Kommunen skal arbeida for trygg infrastruktur i samarbeid med andre myndigheter.

Samfunnsdelen 05.3.2. Oppvekst Helse Omsorg, Nye strekpt:, foreslått av Laugaland, Bjørn, <tittel>
-Kommunestyret skal minst ein gong i kvar periode (helst kvart andre år) ha temamøte innafor Helse/omsorg og Oppvekst. Då skal også revisjon av gjeldande HO planar og Oppvekst plan vurderast.
- Kommunen skal ha eit eige utval/råd for menneske med nedsett funksjonsevne og eit eige råd for eldre.

03.2, økonomi ,s.4, foreslått av Hauge, Gaute, <tittel>
Brutto gjeldsgrad skal ned til 90% i 2021, netto gjeldsgrad skal ned til 70% i 2021 . Dette for å skaffe oss større handlingsrom når rentene går opp.

Samfunnsdelen (Krf), foreslått av Helgøy, Håkon, <tittel>
03.1 Jøsenfast OK

03.4Folkehelse
Kommunen skal drive haldningsskapande arbeid, og leggje til rette for trafikktryggleik i alle einingar

03.6Det grønne skiftet
Auka tilrettelegging for småkraftverk



HJELMELAND KOMMUNE

05.2.1 Reiseliv

Tilrettelegging og tydelig merking av oppstillingsplasser for bular, og oppmerka/skilta generelle parkeringsplassar.

Arealdelen (Krf), foreslått av Helgøy, Håkon, <tittel>

5.2.1 Bustader - §12 Leikeplassar

Avsnittet erstattast med;

Ved utforming av bustadfelt skal ein ta særskilt omsyn til barns oppvekstvilkår og trygge/trafikk sikre løysingar . Leike- og opphaldsplassar ute skal inngå i reguleringsplanar for bustadfelt.

Desse skal ha ei skjerma plassering og ikkje vere skyggelagt større delar av dagen. Leike- og opphaldsplassar ute skal ikkje plasserast i nærleiken av høgspent kraftleidning.

For kvar åttande bustadeining i tettbygd område bør det finnast ein opparbeidd nærleikeplass. Beliggenhet og eventuelle off. leikeplasser i nærheten skal også vurderast i forhold til kravet om nærleiksplass. Nærleikeplassar skal plasserast i trygg, sentral og relativt solrik del av bustadfeltet og vere skjerma for miljølempar som td: vind/trafikk/støy/forureining/bratte skrentar.

Kap. 5.2.1 Framtidige områder

B9 - Innspel 22 - Solstrand: Legge til rette for bustader nedanfor vegen i den sørlege delen.

Kap. 5.2.2 Framtidige områder for fritidsbustader

Innspel nr. 37 - Fister, Aksterberget blir tatt inn i kommuneplanen med 1 hytte.

Innspel nr. 32 - Fister, Moldfallet (Døvik)

Innspelet tas inn i kommuneplanen. Det er bebygde hytteområder både nord og sør for dette området.

Retningslinjer for fritidsbustadar

Ta vekk punkt 2 og 3. Dette kan takast i samband med reguleringsplan for hyttefelt.

Kap 5.5 LNF

Retningslinjer;

Følgjande setning slettast: «På landbrukseiendommer vil det normalt vera behov for to bustader».

Sak 03/18 - kommuneplan, kap.5.2.7, arealdelen (dok C1, s19), foreslått av Jacobsen, Lin Veronica, <tittel>

Nr.16 Puntsnes, Hjelmeland - tas ut av planen.

Apeland/H reiste spørsmål ved om han var ugild når det gjaldt behandling av arealdelen kap. 5.2.6 - Råstoffutvinning. Dette fordi han er leiar i selskap som har sendt inn fleire innspel til dette kapittelet. Han gjekk frå medan formannskapet behandla spørsmålet. Etter drøfting vedtok formannskapet samrøystes at representanten var ugild når det gjald arealdelen kap. 5.2.6, men ikkje for resten av kommuneplanbehandlinga. Han tredte difor frå under behandlinga av kap. 5.2.6. Torunn Munthe/H møtte som vara.



**HJELMELAND
KOMMUNE**

Behandlinga var lagt opp slik at det først vart røysta over samfunnsdelen, deretter arealdelen kap. 5.2.6. og så resten av arealdelen.

Røysting:

Samfunnsdelen:

Kap. 3.1: Forslaga frå Apeland/H, B. Laugaland/SP og Helgøy/Krf om ferjefri kryssing av Jøsenfjorden vart slått saman og røysta over samla: Samrøystes **vedteke**

Kap. 3.2: Forslaga om endring i pkt. om gjeldsgrad frå Hauge/AP og Apeland/H vart sett opp mot rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg: Fekk 1 røyst (L. Laugaland/SP) og falt

Forslag frå Hauge/AP: Fekk 3 røyster (AP), og falt

Forslag frå Apeland/H: **Vedteke** med 5 røyster (Krf, H, B. Laugaland/SP)

Kap. 3.4: Forslag frå Helgøy/Krf om trafikktryggleik: Samrøystes **vedteke**

Kap. 3.6: Forslag frå Helgøy/Krf om småkraftverk: Samrøystes **vedteke**

Kap. 5.1.1: Forslag frå B. Laugaland/SP om universell utforming: Samrøystes **vedteke**

Kap. 5.1.2: Forslag frå B. Laugaland/SP om frivillig arbeid (2 strekpkt): Samrøystes **vedteke**

Kap. 5.1.3: Forslag frå B. Laugaland/SP om digitale løysingar: Samrøystes **vedteke**

Kap. 5.2: Forslag frå B. Laugaland/SP om effektiv samferdsel: Samrøystes **vedteke**

Kap. 5.2.1: Forslag frå B. Laugaland/SP om fleire turløyper: Samrøystes **vedteke**

Forslag frå Helgøy/Krf om oppmerka p-plasser/bubil: Samrøystes **vedteke**

Kap. 5.2.2: Forslag frå B. Laugaland/SP om gjenbruk av dyrka mark: Samrøystes **vedteke**

Forslag frå B. Laugaland/SP om bruk av driftsbygg: Samrøystes **vedteke**

Forslag frå Jacobsen/AP om bruk av næringsareal: Samrøystes **vedteke**

Kap. 5.2.3: Forslag frå B. Laugaland/SP om ny 132 kV-linje: Samrøystes **vedteke**

Kap. 5.2.5: Forslag frå Jacobsen/AP om ladepunkt komm. bygg: Samrøystes **vedteke**

Kap. 5.3.1: Forslag frå B. Laugaland/SP om trygg infrastruktur: Samrøystes **vedteke**

Kap. 5.3.2: Forslag frå B. Laugaland/SP om temamøte: Samrøystes **vedteke**

Forslag frå B. Laugaland/SP om to representasjonsråd: Samrøystes **vedteke**

Kap. 5.3.4: Forslag frå Apeland/H om endring til "bueiningar": Samrøystes **vedteke**

Arealdelen, kap. 5.2.6. Råstoffutvinning

Forslag frå Jacobsen/AP om å ta inn del av innspel 52 (Mele): Samrøystes **vedteke**

Forslag frå L. Laugaland/SP om å ta ut innspel 49: Fekk 3 røyster (SP,

Jacobsen/AP) og falt

Forslag frå Skår/H om å ta inn innspel 64+felles plan med 43/53: Samrøystes **vedteke**

Forslag frå Skår/H om å ta inn innspel 54 og 18+felles plan: Fekk 4 røyster (H, Krf) og falt

Forslag frå Skår/H om å ta inn innspel 48: Fekk 4 røyster (H, Krf) og falt

Arealdelen:

Kap. 5.2: Forslag frå Jacobsen/AP om endra kotehøgde § 10: Fekk 4 røyster (AP, L. Laugaland/SP) og falt.

Forslag frå Apeland/H om endringar retningslinjer: Samrøystes **vedteke**

Kap. 5.2.1: Forslag frå L. Laugaland/SP om innspel 16 - Fister: Samrøystes **vedteke**

Forslag frå Jacobsen/AP om innspel 60A - Puntsnes: Samrøystes **vedteke**

Forslag frå Apeland/H om innspel 4 - Bøen/Årdal: Samrøystes **vedteke**

Forslag frå Apeland/H om innspel 61 - Kleppa: Samrøystes **vedteke**

Forslag frå Apeland/H om innspel 3 - Årdal: Samrøystes **vedteke**



**HJELMELAND
KOMMUNE**

Forslag frå Helgøy/Krf om endring § 12 Leikeplassar:	Samrøystes vedteke
Forslag frå Helgøy/Krf om endring innspel 22 - Solstrand:	Samrøystes vedteke
Forslag frå Apeland/H om innspel 44 - Melslia:	Vedteke med 8 røyster.
Helgøy/Krf røysta mot	
Kap. 5.2.2: Forslag frå Helgøy/Krf om innspel 37 - Aksterberget:	Fekk 2 røyster (Krf) og falt
Forslag frå Helgøy(Krf om innspel 32 - Moldfallet:	Fekk 4 røyster (Krf, H) og falt
Forslag frå Helgøy/Krf om endring retningslinjer:	Fekk 4 røyster (Krf, H) og falt
Kap. 5.2.7: Forslag frå Jacobsen/AP om å ta ut område I6:	Samrøystes vedteke
Forslag frå Skår/H om innspel 40 - Årdalstunet:	Vedteke med 7 røyster (H,
Krf, AP)	
Kap. 5.2.8: Forslag frå Jacobsen/AP om endring aktivitetsområde:	Samrøystes vedteke
Kap. 5.4.2: Forslag frå Apeland/H om turveg Måmyra-Bjødnabu:	Samrøystes vedteke
Kap. 5.5: Forslag frå Apeland/H om endring § 25:	Vedteke med 5 røyster (H,
Krf, B. Laugaland/SP)	
Forslag frå Helgøy/Krf om endring retningslinjer:	Fekk 4 røyster (Krf, H) og falt
Forslag frå L. Laugaland/SP om tillegg § 22:	Vedteke med 7 røyster (SP, AP, H)
Forslag frå L. Laugaland/SP om tillegg § 26:	Vedteke med 7 røyster (SP, AP, Krf)

Til slutt vart det røysta over samla forslag til framlegg frå rådmannen, med vedtekne endringar:
Samrøystes **vedteke**.

FSK - vedtak:

Framlegg til kommunestyret:

Forslag til kommuneplan for Hjelmeland 2018-2030 (november 2017) vert lagt ut til høyring med følgjande endringar:

Samfunnsdelen:

Kap. 3.1: *Tillegg*: Kommunen skal vera pådrivar for ferjefri fjordkryssing av Jøsenfjorden.

Kap. 3.2: *Endring*: Følgende setning tas ut av planen «Netto gjeld.....2021».

Kap. 3.4: *Tillegg*: Kommunen skal drive haldningsskapande arbeid, og legge til rette for trafikktryggleik i alle einingar.

Kap. 3.6: *Tillegg*: Auka tilrettelegging for småkraftverk.

Kap. 5.1.1: *Tillegg*: Kommunen skal ha fokus på universell utforming i eksisterande kommunale bygg.

Kap. 5.1.2: *Tillegg*: - Kommunen skal vera positiv til aktivt samarbeid med andre kommunar.

- Kommunen skal leggja til rette for å inkludera hyttefolk og andre deltidsbuande i dette arbeidet.

Kap. 5.1.3: *Tillegg*: Kommunen skal arbeida for digitale løysingar for å informera og å gjera tilreisande/hyttefolk til ei langt større kundegruppe enn i dag.

Kap. 5.2: *Tillegg*: Kommunen skal arbeida for effektiv samferdsle der Rv 13 inkl ferjefri kryssing av Jøsenfjorden vert prioritert.

Kap. 5.2.1: *Tillegg*: Kommunen skal leggja til rette for fleire tur- og opplevings-løyper.

Tillegg: Tilrettelegging og tydelig merking av oppstillingsplasser for bubilar, og oppmerka/skilta generelle parkeringsplassar.

Kap. 5.2.2: *Tillegg*: - Ved bruk av dyrka mark til næring/industriareal bør jorda gjenbrukast.

- Driftsbygningar i landbruket/LNF-område som er tekne ut av vanleg



**HJELMELAND
KOMMUNE**

landbruksdrift, kan nyttast til anna næring.

- Hjelmeland kommune skal vera pådrivar for at me skal ha aktiv bruk av nærings-/industriareal i kommunen.

Kap. 5.2.3: *Tillegg andre strekpunkt:* inkl ny 132 KV linje frå Lysebotn og/eller Helmikstøl til Hjelmeland.

Kap. 5.2.5: *Tillegg:* - Hjelmeland kommune vil i planperioden etablere ladepunkt i samband med kommunale bygg.

Kap. 5.3.1: *Tillegg:* - Kommunen skal arbeida for trygg infrastruktur i samarbeid med andre myndigheter.

Kap. 5.3.2: *Tillegg:* - Kommunestyret skal minst ein gong i kvar periode (helst kvart andre år) ha temamøte innafor Helse/omsorg og Oppvekst. Då skal også revisjon av gjeldande HO-planar og Oppvekstplan vurderast.

- Kommunen skal ha eit eige utval/råd for menneske med nedsett funksjonsevne og eit eige råd for eldre.

Kap. 5.3.4: *Endring:* Følgende setning justeres fra «Flere mindre bustader» til «flere mindre buenheter».

Arealdelen:

Kap. 5.2: *Endring:* Følgende ord byttes ut i teksten:

- ..."nye bygg må" ...erstattes med..."nye bygg bør" ...
- ..."det skal nyttas" ...erstattes med..."det bør nyttas" ...
- ..."naturareal skal" ...erstattes med..."naturareal bør" ...

Kap. 5.2.1: *Tillegg:* - Innspel 16 Fister: Forslagsstiller sitt ønske om endring vert å ta til følge.

- Innspel 60A Puntsnes tas inn i planen med følgende endringar: Utvikle Søre Puntsnes som framtidig område for bustad – og kombinert bustad/næring (ikkje detaljhandel). Begrepet lettindustri utgår.
- Innspel 4 Bøen/Årdal tas inn i planen som framtidig bustadfelt med krav om plan med avgrensing som vist i innspel. Følgjande krav utgår: tett utnyttingsgrad, rekkefølgekravet ved å etablere kjørevei mellom Kyrkjevegen og Meleveien, samt krav om felles plan med eksisterande bustader. Sistnemnde vert endra til eksisterande bustadfelt utan plankrav.
- Innspel 61 Kleppa tas inn i planen i samsvar med innspel fra forslagsstiller.
- Innspel 3 Årdal tas inn i planen i samvar med innspel fra forslagsstiller.
- Innspel 44 Melslia tas inn i planen i samsvar med innspel fra forslagsstiller.

Endring: - Innspel 22 Solstrand: Legge til rette for bustader nedanfor vegen i den sørlege delen.

- § 12 - ny tekst: Ved utforming av bustadfelt skal ein ta særskilt omsyn til barns oppvekstvilkår og trygge/trafikksikre løysingar. Leike- og opphaldsplassar ute skal inngå i reguleringsplanar for bustadfelt. Desse skal ha ei skjerma plassering og ikkje vere skyggelagt større delar av dagen. Leike- og opphaldsplassar ute skal ikkje plasserast i nærleiken av høgspent kraftleidning. For kvar åttande bustadeining i tettbygd område bør det finnast ein opparbeidd nærleikeplass. Beliggenhet og eventuelle off. leikeplasser i nærheten skal også vurderast i forhold til kravet om nærleiksplass. Nærleikeplassar skal plasserast i trygg, sentral og relativt solrik del av bustadfeltet og vere skjerma for miljøulemper som td: vind/trafikk/støy/forureining/bratte skrentar.

Kap 5.2.6: *Tillegg:* - Innspel 52 Mele tas delvis inn i planen ved at vestre del av grusryggen/platået blir tatt inn fram til privat veg. Dette for å ivareta framtidig vegløyning for RV 13 og



**HJELMELAND
KOMMUNE**

samanknytning med Årdalstunellen.

- Innspel 64 Svadberg tas inn i planen. Krav om felles plan med innspel 43 og 53.

Kap. 5.2.7: *Endring*: - Område I6 Søre Puntsnes tas ut av planen.

Tillegg: - Innspel 40 Årdalstunet tas inn i planen i samsvar med innspel frå grunneigar.

Krav om at matjorda vert flytta, slik at fulldyrka areal vert oppretthalde.

- Område I14 Svadberg: Innspel nr 64, 53 og 43 sjåast i ein sammenheng. Ein må i tillegg til innspela om masseuttak og utviding av næringsareal ta høgd for Årdalstunellen og areal til lagring av tunnelmasse. Her må det lagast ein heilskapleg plan som gir rom for masseuttak for så å allokere areal til landbruk, næring, ny veitrasé hensyntatt fornminner.

Kap. 5.2.8: *Endring*: - Aktivitetspark Viganeset tas ut av planen. Ny retningslinje: område bør sees på som framtidig område for næring/industri.

Kap. 5.4.2: *Tillegg*: - Det legges til rette for å etablere en eigna turveg/skiløype mellom Bjødnabu – Måmyra. Dette må en også se i et folkehelseperspektiv samt som en unik mulighet til gjøre vår flott natur tilgjengelig for flere.

Kap. 5.5: *Endring*: - § 25 - Eksisterende fritidsbustader i LNF kan utvides til 130 m² + terrasse 20m² og max mønehøyde 6 meter.

Tillegg: - § 22 - Nytt punkt: Nye bygg må tilpasses omgivnadene.

- § 26 - Nytt punkt: Uthus kan tillates inntil 10 m².

Rådmannen får fullmakt til å gjera mindre redigeringsendringar i samband med utsending til høyring.



**HJELMELAND
KOMMUNE**

Kommunestyret - 004/18

KST - behandling:

Behandling:

Forslag til arealdelen C1 tekstdelen Gnr/bnr. 33/1 - Segadal, foreslått av Laugaland, Lill Synnøve, <tittel>

Område H10 33/ 1 Segadal - 3 hytter vert ikkje teken ut av kommuneplanen med følgjande vilkår:
Hyttene skal plasserast utanfor 100 m-beltet. Hyttene skal tilpassast terrenget, og ikkje være for sterkt eksponert fra sjøen. Dei skal ikkje plasseres på dyrka mark.
Krav om felles anlegg ved sjø i tilknytning til eksisterande naust/brygge.
Aktiv tilrettelegging for ferdsel.

Innspill nr. 40 - Årdalstunet, foreslått av Laugaland, Lill Synnøve, <tittel>
Innspill nr. 40 tas ut.

Innspill nr. 49 - Hauga Vest, foreslått av Laugaland, Lill Synnøve, <tittel>
Innspill nr. 49 - Hauga Vest tas ut.

Endring Kap 5.2.3. Samfunnsdelen, foreslått av Laugaland, Bjørn, <tittel>

Tilleggsetning etter «elkraft til våre område»:

Nye anlegg og endring av anlegg vil krevja anleggkonesjon etter energilova § 3 - 1, og det vil i konsesjonsprosessen bli gitt høve til medverknad gjennom offentlege høyringar.

Ta ut i «slik gjer me det»:

« - leggja inn elnett-trasèane (50 KV og større) i arealdelen inkludert ny 132 KV linje frå Lysebotn/og eller Helmikstøl».

Ny formulering i «Slik gjer me det»:

-Leggja inn eksisterande regionalnett (50 KV og større) i arealdelen.

-Oppgradering av straumnett kan medføra nye kraftledningstrasèar og transformatorstasjonar. Kommunen skal vera pådrivar for å sikra tilgong på nok elkraft på kort og lang sikt. Dette er naudsynt for ei god samfunnsutvikling og for å sikra det grønne skiftet.



**HJELMLAND
KOMMUNE**

Arealdelen innspel 54 og 18 Sedberg-Lund, foreslått av Skår, Njål, <tittel>

Innspel 54 og 18 tas inn i plan. Lages en samlet felles plan for å optimalisere fremtidig bruk som jordbruksareal.

Arealdelen innspel 48, foreslått av Skår, Njål, <tittel>

Viktig å sikre framtidig areal til næring inkl. landbruk. Råstoffutvinning gjer dette mogeleg. Tiltaket krever egen plan kor midlertidig råstoff-uttak tilpasses bebyggelse.

Tillegg Kap 5.3.2. Samfunnsdelen, foreslått av Laugaland, Bjørn, <tittel>

Tillegg til sertning i framlegg frå Formannskapet 10.01.18 om temamøte:

-Dette skal vurderast nærare i starten av kvar periode i sak om planstrategi.

Kap 3.2 Samfunnsdelen, foreslått av Laugaland, Bjørn, <tittel>

Nytt avsnitt/ setning:

Arbeid med Heiltidskulturen er viktig for effektiviseringsarbeidet i organisasjonen.

Kap 5.2.1. Arealdelen, foreslått av Laugaland, Bjørn, <tittel>

Innspel 60 A går ut. Dette vert vurdert i samband med slutføring av sentrumsvelgerne av planen.

Kap 5.2.6. Arealdel, foreslått av Laugaland, Bjørn, <tittel>

Innspel 52, tilleggs setning:

Her må utarbeidast detaljreguleringsplan.

Innspel 64 Svadberg:

I setning «krav om felles plan med innspel 43 og 53 vert ordet «plan» skifta ut med « detaljreguleringsplan»

Kap 5.2.7 Arealdelen, foreslått av Laugaland, Bjørn, <tittel>

Område 16 Søre Pundsnes går ikkje ut av planen. Tiltaket vert vurdert på ny ved ferdigstilling av sentrumsdelen av planen.

Kap 5.2.7 Arealdelen, foreslått av Laugaland, Bjørn, <tittel>

Innspel i formannskapet 10.01.18. Om område Svadberg, - innspel 64 - 53- 43 sjåast i samanheng, - ordet «heilskapleg plan» skiftast ut med «detaljreguleringsplan»

Kap 5.2.8 Arealdelen, foreslått av Laugaland, Bjørn, <tittel>

Nytt pt som kom i formannskapet 10.01.18 om endring aktivitetspark Viganeset:

Rådmannen får høve til å leggja inn vilkår knytt til nytt indistriområde Viganeset der arealet i dag er aktivitetspark.

Kap 5.4.2 Arealdelen, foreslått av Laugaland, Bjørn, <tittel>

Turveg/ Skiløype Bjødnabu - Måmyra:

Rådmannen får fullmakt til å leggja inn trasè, i samråd med aktuelle partar.

Kap 5.6.5. Arealdelen, foreslått av Laugaland, Bjørn, <tittel>

Innspel nr. 1, 2, 3 og 6 i innspel om lokaliteter datert 17.01.18 vert teke inn i planen.

Kap.. 5.2.1 Framtidig områder for bustader, foreslått av Halsne, Ståle, <tittel>



**HJELMELAND
KOMMUNE**

B9 - Innspel 22 - Solstrand: Innspel tas inn i kommuneplanen som omsøkt, men med bustader.

Kap. 5.2.2 Framtidige områder for fritidsbustader, foreslått av Halsne, Ståle, <tittel>

Innspel nr. 37 - Fister, Aksterberget blir tatt inn i kommuneplanen med 1 hytte.

Kap. 5.2.2 Framtidige områder for fritidsbustader, foreslått av Halsne, Ståle, <tittel>

Innspel nr. 32 - Fister, Moldfallet (Døvik) tas inn i kommuneplanen. Det er ei forutsetning for utbygging at det foreligg godkjent ROS analyse

Kap. 5.5 LNF, foreslått av Halsne, Ståle, <tittel>

Retningslinjer;

Følgjande setning slettast: «På landbrukseiendommer vil det normalt vera behov for to bustader»

Forslag til samfunnsdelen kap. 3.2 Økonomi, foreslått av Hauge, Gaute, <tittel>

Netto driftsresultat bør ikkje være under 1,75% frå 2021.

Netto gjeldsgrad må være på under 70% frå 2021.

Kommunen er i øvre halvdel av KS sitt effektivitetsbarometer kvart år frå 2021.

Arealdel 5.2.5. Sanitas, foreslått av Apeland, Kjell, <tittel>

Endre formål for Sanitas fra Reiseliv til Reiseliv / Tjenesteyting

Forslag til samfunnsdelen kap. 3, foreslått av Skiftun, Oddvar, <tittel>

KOMPETANSE.

For å kunna følgja opp stadig skjerpa krav til kompetanse generelt – vil Hjelmeland kommune ha fokus på å:

-byggja opp og styrkja eigne fagmiljø ved strategisk planlegging og tiltak,

-invitera næringsliv og frivillig sektor til samarbeid for å dekkja aktuelle felles kompetansebehov.

-samarbeida med nabokommunane og andre eksterne parter for å løysa felles kompetanseutfordringar.

Arealdelen 5.2.1, foreslått av Apeland, Kjell, <tittel>

Innspel 4 Bøen / Årdal

Utgår : tett utnyttingsgrad (ikkje einebustader)

Forslag til endring § 10 Risikoforhold, foreslått av Westersjø, Sven Gil, <tittel>

Endringar i eksisterande føresegn (utheva og understreka):

Flaum/stormflo/**havnivåstigning**:

I område som pga terreng og nærleik til vassdrag og/eller sjø kan vere utsett for **risiko** for

flaum/stormflo/**havnivåstigning** må det gjerast ei fagkunnig utgreiing av flaumfaren i samband med utarbeiding av reguleringsplanar og byggesaker.

Ved sjø skal det òg alltid gjerast ei lokal vurdering ift bølgepåslag og opphoping av flaumvatn frå vassdrag.

Det skal dokumenterast at tilstrekkeleg tryggleik jf TEK 17 oppnås og eventuelt risikoreducerande tiltak skal alltid framgå av dokumentasjonen.



HJELMELAND KOMMUNE

Ved alle byggeprosjekt som medfører at opne bekkar blir lagt i rør eller at bekkar blir snevra inn eller endra, skal det leggjast fram fagkunnig dokumentasjon som viser at det er dimensjonert for ekstremnedbør. Byggehøgde skal leggjast til grunn etter NVE sine gjeldande retningslinjer, samt dei til ei kvar tid føreliggjande flaumsonekart i kommunen.

Innvendig golv i nye bustader og fritidsbustader skal minimum liggje på kote ~~2,3 m~~ **+ 2,8** moh. Dersom det kan dokumenterast tiltak som sikrar inntrenging av vatn ved auka havnivå og stormflo, kan det i særskilte høve tillatast bygg lågare.

Ny retningslinje: Vurderingar av havnivåstigning, stormflo og bølgepåvirkning skal utførast etter DSB-rettleiar "Havnivåstigning og stormflo – samfunnsikkerhet i kommunal planlegging" 2016

Kap 5.5 LNF - subsidiert forslag, foreslått av Apeland, Kjell, <tittel>
På landbrukseiendomar kan det vera behov for to bustader.

Forslag til arealdelen kap. 5.2.7 - innspel 16, foreslått av Westersjø, Sven Gil, <tittel>
Heile innspel nr. 16 + området mellom innspelet og sjøen vert omgjort frå naust/byggeområde til næringsområde.

Grunngeving: Smoltnæringa i kommunen er offensive og satsar. Ved å ta omsyn i kommuneplanen vil det i framtida vera enklare å kunne utvide bedriften på Fister.

Forslag til sentrumsdelen Hjelmelandsvågen, foreslått av Laugaland, Bjørn, <tittel>
Den delen av arealdelen som gjeld tettstaden Hjelmelandsvågen med tilgrensande areal (ref. s. 18 i Planskildring dok A), vert sendt på høyring på eit seinare tidspunkt på grunn av pågåande arbeid med sentrumsprosjekt/sentrumsanalyse. Dette gjeld også den delen av dokument C (Føresegner og retningslinjer) som omhandlar dette konkrete geografiske området.

Apeland/H reiste spørsmål ved om han var ugild når det gjaldt behandling av arealdelen kap. 5.2.6 - Råstoffutvinning. Dette fordi han er leiar i selskap som har sendt inn fleire innspel til dette kapittelet. Han gjekk frå medan Kommunestyret behandla spørsmålet. Etter drøfting vedtok Kommunestyret samrøystes at representanten var ugild etter fvl. § 6 første ledd bokstav e når det gjald arealdelen kap. 5.2.6, men ikkje for resten av kommuneplanbehandlinga. Representanten trede difor frå under behandlinga av kap. 5.2.6. Oliver Hausberg/H møtte som vara.

Schmidt/SP reiste spørsmål ved om han var ugild når det gjaldt behandling av arealdelen kap. 5.2.6 - Råstoffutvinning, samt 5.2.7 - Næringsverksemd. Dette fordi han er grunneigar på fleire område der det er kome innspel, og fordi han har kome med innspel sjølv. Han gjekk frå medan Kommunestyret behandla spørsmålet. Etter drøfting vedtok Kommunestyret samrøystes at representanten var ugild etter fvl. § 6 andre ledd når det gjaldt behandling av respresentanten sine eigne innspel, samt innspel som gjaldt hans eigedomar. Han trede difor frå under behandling av desse punkta. Det var ikkje kalla inn vara.

Nilsen Gjil/SP reiste spørsmål ved om han var ugild når det gjaldt behandling av arealdelen kap. 5.2.6 - Råstoffutvinning. Dette fordi han er grunneigar på område der det er kome innspel. Han gjekk frå medan Kommunestyret behandla spørsmålet. Etter drøfting vedtok Kommunestyret samrøystes at representanten var ugild etter fvl. § 6 andre ledd når det gjaldt behandling av innspel som gjaldt hans



**HJELMELAND
KOMMUNE**

eigedomar. Han tredte difor frå under behandling av desse punkta. Det var ikkje kalla inn vara.

Behandlinga var lagt opp slik at det først vart røysta over forslag til samfunnsdelen. Deretter vart det same gjort for arealdelen. Endeleg vart det røysta over heile planforslaget.

Røysting:

Samfunnsdelen:

- Kap. 3: Forslag frå Skiftun/AP om kompetanse: Fekk 5 røyster (AP, V, Ommundsen/SP) og falt
Kap. 3.2: Forslag frå B. Laugaland/SP om heiltidskultur: Samrøystes **vedteke**
Forslag frå Hauge/SP om gjeldsgrad: Fekk 5 røyster (AP, V, L. Laugaland/SP) og falt
Kap. 5.2.3: Forslag frå B. Laugaland/SP om endringar elnett: Samrøystes **vedteke**
Kap. 5.3.2: Forslag frå B. Laugaland/SP om tillegg temamøter: Samrøystes **vedteke**

Arealdelen:

- Kap. 5.1: Forslag frå Gil Westersjø/AP om endring § 10 risikoforhold: Fekk 9 røyster (AP, V, Hetland/uavh, B. Laugaland, L. Laugaland, Nilsen Gjil, Schmidt/SP) og falt
Kap. 5.2.1: Forslag frå B. Laugaland/SP om å ta ut innspel 60A: Samrøystes **vedteke**
Forslag frå Halsne/KrF om innspel 22: Samrøystes **vedteke**
Forslag frå Apeland/H om endring innspel 4: Fekk 9 røyster (H, KrF) og falt
Kap. 5.2.2: Forslag frå L. Laugaland/SP om hytter Segadal: **Vedteke** mot 3 røyster (AP)
Forslag frå Halsne/KrF om innspel 37 Aksterberget: Fekk 5 røyster (KrF, Schmidt/SP) og falt
Forslag frå Halsne/KrF om innspel 32 Moldfallet: **Vedteke** med 12 røyster (KrF, H, V, Hetland/uavh, Schmidt/SP)
Kap. 5.2.5: Forslag frå Apeland/H om formål Sanitas: Samrøystes **vedteke**
Kap. 5.2.6: Forslag frå B. Laugaland/SP om endring i plankrav innspel 52 Mele og 64 Svadberg.
Schmidt/SP gjekk frå som ugild under behandlinga: Samrøystes **vedteke**
Forslag frå Skår/H om å ta inn innspel 18 og 54 Sedberg - Lund: **Vedteke** med 12 røyster (KrF, H, AP)
Forslag frå Skår/H om å ta inn innspel 48 Hauga aust: **Vedteke** med 10 røyster (H, KrF, Schmidt/SP)
Forslag frå L. Laugaland/SP om å ta ut innspel 49 Hauga vest. Nilsen Gjil/SP gjekk frå som ugild under behandlinga: Fekk 6 røyster (SP, V, Hetland/uavh) og falt
Kap. 5.2.7: Forslag frå B. Laugaland/SP om å behalde område I6 Søre Puntsnes: Samrøystes **vedteke**
Forslag frå B. Laugaland/SP om endring i plankrav område I14 Svadberg. Schmidt/SP gjekk frå som ugild under behandlinga: Samrøystes **vedteke**
Forslag frå L. Laugaland/SP om å ta ut innspel 40 Årdalstunet: Fekk 8 røyster (SP, V, Hetland/uavh, Skiftun/AP) og falt
Forslag frå Gil Westersjø/AP om endring innspel 16 Fistervågen: **Vedteke** med 15 røyster (AP, SP, V, H, Hetland/uavh)
Kap. 5.2.8: Forslag frå B. Laugaland/SP om endring Viganeset: Samrøystes **vedteke**
Kap. 5.4.2: Forslag frå B. Laugaland/SP om trasé turveg: Samrøystes **vedteke**
Kap. 5.5: Forslag frå Halsne/KrF om endring retningslinjer: **Vedteke** med 12 røyster (KrF, H, AP)
Subsidiert forslag frå Apeland/H om endring retningslinjer: Vart ikkje røysta over
Kap. 5.6.5: Forslag frå B. Laugaland/SP om innspel frå Eidesvik: Samrøystes **vedteke**

Hjelmeland sentrum: Forslag frå B. Laugaland/SP om utsatt behandling: Samrøystes **vedteke**



**HJELMELAND
KOMMUNE**

Til slutt vart det røysta over samla framlegg frå formannskapet, med vedtekne endringar: Samrøystes **vedteke**

KST - vedtak:

Forslag til kommuneplan for Hjelmeland 2018-2030 (november 2017) vert lagt ut til høyring med følgande endringar:

Samfunnsdelen:

Kap. 3.1: *Tillegg:* Kommunen skal vera pådrivar for ferjefri fjordkryssing av Jøsenfjorden.

Kap. 3.2: *Endring:* Følgende setning tas ut av planen «Netto gjeld.....2021».

Tillegg: Arbeid med Heiltidskulturen er viktig for effektiviseringsarbeidet i organisasjonen.

Kap. 3.4: *Tillegg:* Kommunen skal drive haldningsskapande arbeid, og legge til rette for trafikktryggleik i alle einingar.

Kap. 3.6: *Tillegg:* Auka tilrettelegging for småkraftverk.

Kap. 5.1.1: *Tillegg:* Kommunen skal ha fokus på universell utforming i eksisterande kommunale bygg.

Kap. 5.1.2: *Tillegg:* - Kommunen skal vera positiv til aktivt samarbeid med andre kommunar.

- Kommunen skal leggja til rette for å inkludera hyttefolk og andre deltidsbuande i dette arbeidet.

Kap. 5.1.3: *Tillegg:* Kommunen skal arbeida for digitale løysingar for å informera og å gjera tilreisande/hyttefolk til ei langt større kundegruppe enn i dag.

Kap. 5.2: *Tillegg:* Kommunen skal arbeida for effektiv samferdsle der Rv 13 inkl ferjefri kryssing av Jøsenfjorden vert prioritert.

Kap. 5.2.1: *Tillegg:* Kommunen skal leggja til rette for fleire tur- og opplevings-løyper.

Tillegg: Tilrettelegging og tydelig merking av oppstillingsplasser for bubilar, og oppmerka/skilta generelle parkeringsplassar.

Kap. 5.2.2: *Tillegg:* - Ved bruk av dyrka mark til næring/industriareal bør jorda gjenbrukast.

- Driftsbygningar i landbruket/LNF-område som er tekne ut av vanleg landbruksdrift, kan nyttast til anna næring.

- Hjelmeland kommune skal vera pådrivar for at me skal ha aktiv bruk av nærings-/industriareal i kommunen.

Kap. 5.2.3: *Tillegg:* Tilleggsetning etter «elkraft til våre område»:

Nye anlegg og endring av anlegg vil krevja anleggkonesjon etter energilova § 3-1, og det vil i konsesjonsprosessen bli gitt høve til medverknad gjennom offentlege høyringar.

Ta ut i «slik gjer me det»:

« - leggja inn elnett-trasèane (50 KV og større) i arealdelen inkludert ny 132 KV linje frå Lysebotn/og eller Helmikstøl».

Ny formulering i «Slik gjer me det»:

-Leggja inn eksisterande regionalnett (50 KV og større) i arealdelen.

-Oppgradering av straumnettet kan medføra nye kraftledningstrasèar og transformatorstasjonar. Kommunen skal vera pådrivar for å sikra tilgang på nok elkraft på kort og lang sikt. Dette er naudsynt for ei god samfunnsutvikling og for å sikra det grønne skiftet.

Kap. 5.2.5: *Tillegg:* - Hjelmeland kommune vil i planperioden etablere ladepunkt i samband med kommunale bygg.

Kap. 5.3.1: *Tillegg:* - Kommunen skal arbeida for trygg infrastruktur i samarbeid med andre



**HJELMELAND
KOMMUNE**

myndigheter.

Kap. 5.3.2: *Tillegg*: - Kommunestyret skal minst ein gong i kvar periode (helst kvart andre år) ha temamøte innafor Helse/omsorg og Oppvekst. Då skal også revisjon av gjeldande HO-planar og Oppvekstplan vurderast. Dette skal vurderast nærare i sak om planstrategi i starten av kvar periode.

- Kommunen skal ha eit eige utval/råd for menneske med nedsett funksjonsevne og eit eige råd for eldre.

Kap. 5.3.4: *Endring*: Følgende setning justeres fra «Flere mindre bustader» til «flere mindre buenheter».

Arealdelen:

Kap. 5.2: *Endring*: Følgende ord byttes ut i teksten:

... "nye bygg må" ... erstattes med ... "nye bygg bør" ...

... "det skal nyttas" ... erstattes med ... "det bør nyttas" ...

... "naturareal skal" ... erstattes med ... "naturareal bør" ...

Kap. 5.2.1: *Tillegg*: - Innspel 16 Fister: Forslagsstiller sitt ønske om endring vert å ta til følge.

- Innspel 4 Bøen/Årdal tas inn i planen som framtidig bustadfelt med krav om plan med avgrensing som vist i innspel. Følgjande krav utgår: tett utnyttingsgrad, rekkefølgekravet ved å etablere kjørevei mellom Kyrkjevegen og Meleveien, samt krav om felles plan med eksisterande bustader. Sistnemnde vert endra til eksisterande bustadfelt utan plankrav.

- Innspel 61 Kleppa tas inn i planen i samsvar med innspel fra forslagsstiller.

- Innspel 3 Årdal tas inn i planen i samsvar med innspel fra forslagsstiller.

- Innspel 44 Melslia tas inn i planen i samsvar med innspel fra forslagsstiller.

Endring: - Innspel 22 Solstrand tas inn i planen i samsvar med innspel frå forslagsstiller, men med bustader.

- § 12 - ny tekst: Ved utforming av bustadfelt skal ein ta særskilt omsyn til barns oppvekstvilkår og trygge/trafikk sikre løysingar. Leike- og opphaldsplassar ute skal inngå i reguleringsplanar for bustadfelt. Desse skal ha ei skjerma plassering og ikkje vere skyggelagt større delar av dagen. Leike- og opphaldsplassar ute skal ikkje plasserast i nærleiken av høgspent kraftleidning. For kvar åttande bustadeining i tettbygd område bør det finnast ein opparbeidd nærleikeplass. Beliggenhet og eventuelle off. leikeplasser i nærheten skal også vurderast i forhold til kravet om nærleiksplass. Nærleikeplassar skal plasserast i trygg, sentral og relativt solrik del av bustadfeltet og vere skjerma for miljølemping som td: vind/trafikk/støy/forureining/bratte skrentar.

Kap. 5.2.2: *Endring*: Område H10 Segadal - 3 hytter, vert ikkje teken ut av kommuneplanen med følgjande vilkår: Hyttene skal plasserast utanfor 100 m-beltet. Hyttene skal tilpassast terrenget, og ikkje være for sterkt eksponert fra sjøen. Dei skal ikkje plasseres på dyrka mark. Krav om felles anlegg ved sjø i tilknytning til eksisterande naust/brygge. Aktiv tilrettelegging for ferdsel.

Tillegg: Innspel 32 Moldfallet (Døvik) tas inn i planen. Det er ei forutsetning for utbygging at det foreligg godkjent ROS analyse.

Kap. 5.2.5: *Endring*: Område RL1 Sanitas: Endre formål for Sanitas fra Reiseliv til Reiseliv/Tjenesteyting

Kap. 5.2.6: *Tillegg*: - Innspel 52 Mele tas delvis inn i planen ved at vestre del av grusryggen/platået blir tatt inn fram til privat veg. Dette for å ivareta framtidig vegløyving for RV 13



**HJELMELAND
KOMMUNE**

- og samanknytning med Årdalstunellen. Her må utarbeidast detaljreguleringsplan.
- Innspel 64 Svadberg tas inn i planen. Krav om felles detaljreguleringsplan med innspel 43 og 53.
 - Innspel 18 og 54 Sedberg - Lund tas inn i planen. Lages en samlet felles plan for å optimalisere fremtidig bruk som jordbruksareal.
 - Innspel 48 Hauga aust tas inn i planen. Viktig å sikre framtidig areal til næring inkl. landbruk. Råstoffutvinning gjer dette mogeleg. Tiltaket krev eigen plan der midlertidig råstoffuttak tilpassas bebyggelse.

Kap. 5.2.7: Tillegg: - Innspel 40 Årdalstunet tas inn i planen i samsvar med innspel frå grunneigar. Krav om at matjorda vert flytta, slik at fulldyrka areal vert oppretthalde.

- Område I14 Svadberg: Innspel nr 64, 53 og 43 sjåast i ein sammenheng. Ein må i tillegg til innspela om masseuttak og utviding av næringsareal ta høgd for Årdalstunellen og areal til lagring av tunnelmasse. Her må det lagast ein detaljreguleringsplan som gir rom for masseuttak for så å allokere areal til landbruk, næring, ny veitrasé hensyntatt fornminner.
- Heile innspel nr. 16 Fistervågen + området mellom innspelet og sjøen vert omgjort frå naust/byggeområde til næringsområde. Grunngeving: Smoltnæringa i kommunen er offensive og satsar. Ved å ta omsyn i kommuneplanen vil det i framtida vera enklare å kunne utvide bedriften på Fister.

Kap. 5.2.8: Endring: - Aktivitetspark Viganeset tas ut av planen. Ny retningslinje: område bør sees på som framtidig område for næring/industri. Rådmannen får høve til å leggja inn vilkår knytt til nytt indistriområde.

Kap. 5.4.2: Tillegg: - Det leggas til rette for å etablera ein eigna turveg/skiløype mellom Bjødnabu – Måmyra. Dette må ein også sjå i eit folkehelseperspektiv samt som ein unik moglegheit til gjere vår flotte natur tilgjengeleg for fleire. Rådmannen får fullmakt til å leggja inn trasè, i samråd med aktuelle partar.

Kap. 5.5: Endring: - § 25 - Eksisterende fritidsbustader i LNF kan utvides til 130 m² + terrasse 20m² og max mønehøyde 6 meter.
Følgande setning fjernast frå retningslinjer: «På landbrukseigendomar vil det normalt vera behov for to bustader».

Tillegg: - § 22 - Nytt punkt: Nye bygg må tilpasses omgivnadene.

- § 26 - Nytt punkt: Uthus kan tillates inntil 10 m².

Kap. 5.6.5: Tillegg: Innspel av 17.1.2018 frå Eidesvik Laks: Pkt. nr. 1, 2, 3 og 6 i innspelet vert teke inn i planen.

Rådmannen får fullmakt til å gjera mindre redigeringsendringar i samband med utsending til høyring. Den delen av arealdelen som gjeld tettstaden Hjelmelandsvågen med tilgrensande areal (ref. s. 18 i Planskildring dok A), vert sendt på høyring på eit seinare tidspunkt på grunn av pågåande arbeid med sentrumsprosjekt/sentrumsanalyse. Dette gjeld også den delen av dokument C (Føresegner og retningslinjer) som omhandlar dette konkrete geografiske området.

Saksopplysninger:

Samandrag

Gjennom vedtak av planstrategi og planprogram det er blitt jobba med prosess og innhald i ny



HJELMELAND KOMMUNE

revidert kommuneplan. Samfunnsdelen er blitt ein ny plan, arealdelen er ein mindre revisjon av planen frå 2011. Kommuneplanepakken består elles av ein dokumentpakke der B (samfunnsdelen) og C (arealdelen med retningslinjer og føresegner) er dei viktigaste. Når høyringsutkastet er fastsett, vert planen lagt ut på høyring. Det er eit mål at andre gangs behandling/sluttbehandling skal skje i løpet av 1.halvår 2018. Den delen som gjeld Hjelmeland sentrum vert ferdigstilt seinare på grunn av pågåande sentrumsprosjekt.

Fakta

«Hjelmeland Naturlegvis» - Kommuneplan for Hjelmeland 2018-2030 - byggjer på kommuneplanen 2011-2023. Samfunnsdelen er heilt ny, medan arealdelen har gjennomgått ein mindre revisjon. Dette er i tråd med bestillinga frå kommunestyret fyrste gitt ved vedtak av kommunal planstrategi ksaK 59/16 og planprogram for kommuneplanarbeidet ksaK 44/17. Gjennom arbeidet er det vedteke å vidareføra visjonen frå sist plan «Hjelmeland Naturlegvis». Innspel-runden som var i juli-september i år tyder på at det var eit rett val. Det er også fast sett eit hovudmål og tre satsingsområde, og planen er bygd opp rundt det. Jobb og attraktivitet er gjennomgåande stikkord. Desse vert sett i lys av nokre grunnleggjande ramer der komande fastlandssamband Ryfast og «det grønne skiftet» er sentrale. Gjennom ei omfattande satsing på involvering gjennom m.a. frivilligprosjekt, sentrumsprosjekt, grendemøte og spørjeundersøkingar, har ein opplevd at mange bryr seg om å utvikla lokalsamfunnet og har meiningar om kva planen bør innehalda. Dette har vore intenst, men samstundes spennande og interessant.

Framlegget til kommuneplan består av ein høyringspakke med fleire element:

«Sjølve planen»:

- A. Planskildring (prosess og prioriteringar)
- B. Kommuneplan samfunnsdel
- C. 1 Kommuneplanen arealdel med bestemmelser og kart
- D. 2 Kommuneplanen arealdel – arealkart for Hjelmeland sentrum – *kjem seinare, etter sentrumsanalysen*

Tilleggsdokument:

- A. 1: Konsekvensanalyse, risiko og sårbarheitsvurdering nye innspel 2017. Tilråding frå rådmann. Dokumentet er delt i to på grunn av storleik.
- B. 2: Konsekvensanalyse og ROS for det som ligg i planen frå før

Bakgrunnsdokument

- B. Heilskapleg ROS-analyse henta frå beredskapsplanverket
- C. Alle innspel innkomne til varsel om oppstart 2017
- D. Barnetråkkundersøking
- E. Ungdomsundersøking (messengerundersøking 40 ungdomar 16-26 år)



HJELMELAND KOMMUNE

- F. Frivilligstrategi (utkast pr 13.11.17) og rapport utforma av Frivillighet Norge.
- G. Kommunedelplan RV13 Tysdal – Årdal
- H. Plan for kulturminne/kulturarv
- I. Sentrumsstatus 2017 (Leva Urban Design)
- J. Friluftskartlegging (prosjekt i samarbeid med Rogaland fylkeskommune)
- K. Folkehelsekartlegginga for Hjelmeland
- L. Utkast til ladestruktur Sør-Rogaland 2017
- M. Klimarapport for Hjelmeland 2010
- N. Næringslivsundersøking Hjelmeland 2017
- O. Befolkningsutvikling og kjøpekraft i Hjelmeland, Rogaland fylkeskommunen 2017

Det me til vanleg kallar kommuneplanen er samfunnsdelen (dokument B) og arealdelen (kart og føresegner, dokument C). Planskilddinga (Dok A) er ei skildding av prosessen, av dei vala som er tekne undervegs, og på prioriteringane. På bakgrunn av planskilddinga vert sjøve behandlingsdokumentet (websakoppsettet) etter måten kort. Vurdering og prioritering av innspel til oppstartsvarelet går fram av Dok D1. Vurdering av det som inngår i planen frå før går fram av Dok D2.

Det er viktig å streka under at ein har vald å avventa planforslaget for Hjelmeland sentrum, då ein no i desse dagar er i ferd med å gjennomføra ein mulegheitsstudie med tre arkitektfirma.

Det vert lagt til grunn at kommuneplanen er kommunen sin klimaplan også i det vidare. «Det grønne skiftet» er eit gjennomgåande tema i heile samfunnsdelen. I samband med revisjonen i 2011 vart det utarbeidd in klimarapport for Hjelmeland (dok P). Denne ligg ved også dette nye plandokumentet, då vurderingane langt på veg er dei same. Omsyn til det grønne skiftet er også innarbeidd i arealdelen.

Planforslaget er resultat av ein prosess som starta med fyrste politiske samling i februar 2016. Å laga kommuneplan er ein ressurskrevjande prosess, men det har samstundes vore ein spennande og givande prosess med mykje kontakt mot lokalsamfunnet rundt og på tvers i organisasjonen. Det har vore ei administrativ tverretatleg prosjektgruppe på seks personar som saman med rådmann har arbeidd mest med planen.

I samband med innspurten kan det ha oppstått feil og manglar som er blitt oversett ved korrekturlesnad. Me vonar dei som les dokumenta gir beskjed når slike feil vert oppdaga.

Vidare arbeid med planen

Når høyringsdokumentet er politisk vedteke, vert planen lagt ut til høyring. Viss vedtaket skjer etter planen 14.12.17, reknar ein med at høyringspakken vil vera klar rett over nyttår. Høyringsperioden vil vera på eit par månadar, og det er etter planprogrammet bestemt at det i perioden skal haldast eit felles folkemøte. Planprogrammet legg elles opp til at andre gongsbehandling/sluttbehandling skal skje før sommaren 2018. Arbeid med den del av planen som gjeld Hjelmeland sentrum vil halda fram parallelt med at «hovudplanen» er på høyring. Utkast til arealplan for Hjelmeland sentrum vil bli lagt fram så snart ein har den nødvendige bakgrunnskunnskapen gjennom sentrumsprosjektet. Om det må til ekstra ressurser for å slutføra planarbeidet, slik ein no har hatt for å klargjera høyringsutkastet, må ein eventuelt koma attende



**HJELMELAND
KOMMUNE**

til.

Lovar, føresegner, rundskriv

Det vert her vist til plan og bygningsloven kap 11 om kommuneplanlegging (utdrag):

Kommunen skal ha en samlet kommuneplan som omfatter samfunnsdel med handlingsdel og arealdel.

Kommuneplanen skal ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgaver, og bør omfatte alle viktige mål og oppgaver i kommunen. Den skal ta utgangspunkt i den kommunale planstrategien og legge retningslinjer og pålegg fra statlige og regionale myndigheter til grunn.

Det kan utarbeides kommunedelplan for bestemte områder, temaer eller virksomhetsområder.

Kommuneplanen skal ha en handlingsdel som angir hvordan planen skal følges opp de fire påfølgende år eller mer, og revideres årlig. Økonomiplanen etter kommuneloven § 44 kan inngå i handlingsdelen.

Det vert også vist til statleg planretningsline om klimaplanlegging frå 2009:

3. Klima- og energiplanlegging

Kommunene skal i sin kommuneplan eller i egen kommunedelplan innarbeide tiltak og virkemidler for å redusere utslipp av klimagasser og sikre mer effektiv energibruk og miljøvennlig energiomlegging i tråd med denne retningslinjen.

Fylkeskommunen skal legge denne retningslinjen til grunn for regional planlegging innenfor eget ansvars- og påvirkningsfelt.

Planer som behandler klima- og energispørsmål, skal følges opp i planens handlingsdel og legges til grunn og gi føringer for kommunens mer detaljerte planlegging, og myndighets- og virksomhetsutøvelse. Plan- og bygningslovens regler om revisjon av handlingsdelen gjelder tilsvarende.

Revisjon av planer som behandler klima- og energispørsmål, skal vurderes regelmessig og minst hvert fjerde år, jf. bestemmelsen om revisjon av kommunal planstrategi (plan- og bygningsloven § 10-1).

Økonomiske konsekvensar

Korleis me riggar kommunen vår og kva mål me set oss har store økonomiske konsekvenser

Gjeldande planar, retningsliner og vedtak

Gjeldande kommuneplan vart vedteken i to rundar: juni 2011 og september 2011. Kapitlet om folkehelse vart revidert i 2015, medan ny kommunedelplan for RV13 frå Tysdal til Årdal vart godkjent av Departementet i 2017.

Det vart i desember 2016 vedteke å setja i gong eit eige prosjekt for tettstadutvikling i Hjelmeland sentrum.



**HJELMELAND
KOMMUNE**

Innkomne uttalar

Det vert her vist til Dok D1 og Dok F.

Vurdering og konklusjon

Kommuneplan for Hjelmeland 2018-2030 vert lagt ut til høyring.